

# Høyringsvar - Ole August Iversen - Klima- og miljøplan 2030 for Aukra kommune

## Naturvern

Noko som bør vere uhyre viktig for Aukra kommune sin klimahandling er å verne myr i langt større grad enn kva kommunedelplanen har lagt opp til. Store myrområde kring Nyhamna er regulert til industriføremål, opparbeiding av desse områda vil føre til enorme utslepp av klimagassar som metan, lystgass og CO<sub>2</sub>, og det vil ta mange hundre, om ikkje tusenvis av år å få lagra den same karbona som er lagra allereie i desse myrområda. Skal ein likevel ofre slike område for å sørge for at industrien kan profitere bør ein sjå på avbøtande tiltak, som å lagre tilsvarande mengder CO<sub>2</sub> som blir slept ut ved opparbeidinga av myra om ein skulle vedta å øydelegge den. Kostnaden for å lagre tilsvarande mengde CO<sub>2</sub> bør hamne på dei som har tenkt å nytte områda til sin industri. Samstundes bør tilsvarande mengder areal bli verna ein annan stad for å bevare naturmangfald som vil gå tapt ved etablering av industri i slike område.

Aller helst bør desse områda få eit evig vern frå opparbeiding, slik at naturmangfaldet kan få utfalde seg fritt utan menneskeleg innverknad.

Myra og skogen me har no i dag er eigentleg alt for verdiful til å kunne ofrast for noko næringsinteresser når me tenkjer på kor mykje me allereie har bygd ned og øydelagt. Det er eit stort problem at den gjeldande haldninga er stort sett «Men denne delen er jo ikkje så stor, det er ikkje så farleg at me byggjer ned denne vetle flekken, me har jo så mykje att kring oss!» Slik blir naturen bit for bit bygd ned til me ikkje har noko att. Kommunen bør seie eit klart og tydeleg nei til meir nedbygging.

Utbygginga av kjerringsundet inneber store naturøydeleggingar av både kyst, holmar, myr og noko skog.

Matjord bør og fredast fullstendig for å hindre at ein treng å opparbeide meir myrområde i framtida til matjord. Det er og mogleg for nokre typar kyr å beite i myrområde, dette bør utforskast. Mattryggleik er viktig i krisetider, som me har opplevd nyleg. Meir ekstremvær gjer matforsyning mindre sikkert i framtida, og den matjorda me framleis har att har me ikkje råd til å gje vekk til industriføremål eller husbygging.

Å hindre at sitkagrana får spreie seg for alle vindar er viktig for å sikre den naturlege floraen på øya. Sitkagran fortrenger anna vekst og det bør vere eit mål å kvitte seg med dei som spreier seg utan kontroll.

#### Plastforureining og forsøpling

Aukra kommune har fleire kunstgrasbaner med gummigranulat, samt leikeplassar med gummi dekke. Dette er to store potensielle kjelder til plastforureining. For å unngå at dette skapar enormt med plastutslepp i naturen bør det settast i verk tiltak for å unngå at det fer av garde med vinden, eller ungar trakkar det med seg i sko, klede og hår. Aller helst bør granulatet byttas ut heilt med noko anna, f eks kork eller sand (evt. gå tilbake til grasbane, men det er kanskje for trassig). I det minste bør banane sikrast godt frå vind og avrenning, samt dungar bør stengast inne slik at ikkje ungar går oppi dei og leikar og tek med seg granulatet overalt.

På strategiske stadar, altså der folk ferdast i naturen bør det settast opp søppelbøtter for å hindre at folk tek seg fridommar med å forsøple. Samt godt haldningsskapande arbeid i skule og barnehage er bra og viktig for å sikre at folk ikkje veks opp til å bli

forsøplande menneske. Strand- og naturryddedagar er viktig at me har og held fram med å ha jamleg.

Landbruksplast er noko som spreier seg enkelt om det ikkje blir tatt godt nok vare på. Bønder arbeider ofte veldig lange dagar på både helg og heilagdagar, det gjer at dei ikkje nødvendigvis klarar å bruke tida på å hente inn plast som er ute på vandring. Det bør difor vere lettast mogleg for dei å fjerne plasten når den oppstår. Då trengst det gode fasilitetar for oppsamling. Det må vere enkelt å levere inn for å hindre at søppelbål blir eit alternativ å føretrekke. Det har visstnok vore enkelt å levere inn til Rothaugen på Gossen tidlegare, men etter noko omorganisering verte det vanskelegare å få levert, det er ikkje haldbart. Det bør vere spesiell oppsamling av landbruksplast. For å hindre at landbruksplast blir å føretrekke bør det bli etablert ei tilskotsordning for å få på plass god silodrift. Lange avstandar gjer oppsamling av silo vanskeleg, difor er ikkje dette særleg aktuelt for alle (spesielt ikkje om jorda er i uendt terreng). Tilskot for å bygge fasilitetar for behandling av avfallet på gardane er kanskje og eit anna alternativ.

Gammalt trevirke er noko som er utfordrande å levere inn for bønder i store kvantum, det er visst ikkje mogleg på Rothaugen lengre. Det gjer at store bål blir metoden å føretrekke for å bli kvitt slikt. Det kan vere greitt med eitt og anna jonsokbål, men det er litt ymse som også hamnar i slike bål som er ganske dumt for naturen kring.